



Forsand kommune

INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET oktober 2012

OBS SØKNADSRISTAR 31.10.2012 og 01.11.2012 !!!

Sjå i kalenderen sist i dette infoskriv!

BONDEMØTER

Forsand Bondelag og Forsand Bonde- og Småbrukarlag har planera for 2 møter i haust:

- 22.november blir det bondekafé med gjest frå ”Nei til EU”. Tema er ”Billig ost i butikken eller handelskonflikt med EU?” Det blir mat og drøs som vanleg!
- 13.desember blir det tradisjonelle ”julamiddag”. Gjest er ennå ikkje klart med det er garantert ei koseleg kveld med god mat. Velkommen!

NY STATSBUDDSJETT – NYE TILSKOTSORDNINGAR

År 2013 blir det tilført nye midlar til landbruket. Ta kontakt med landbrukskontoret om du er interessert i å søkja midlar for disse tiltaka:

- Grøfting (1.000 kr/daa via SMIL)
- Skogtiltak
- Bioenergi / Biogass
- Julatre og pyntegrønt (minst 40 daa)
- Bygdeutvikling / Innovasjon Noreg
- Lokalmat / Grønt reiseliv / Innlandsfiske
- Avløyising ved sjukdom (maks dagsats 1.400 kr)

BU-MIDLAR FRÅ INNOVASJON NOREG

Det er fortsett mogleg å søkja om bygdeutviklingsmidlar frå IN. Det er normalt ein del midlar igjen så her i slutten av året. Kanskje du skal søkja etablertilskot for å vurdere ny produksjon eller søka stipend for å planera bygningsinvestering? Ta kontakt med landbrukskontoret eller Kari Sand tlf. 95 03 11 90!

NYORDNING FOR SMIL OG RMP

Frå neste år blir det meir fokus på dette med å søkja tilskot på elektronisk måte, d.v.s. via PC. Det forventas at kommunen skal levere søknad til Fylkesmannen elektronisk. Rekna då med at det i framtida vill bli mindre tid til å gi deg som landbrukar veiledning ved søknad om tilskot. Kommunen får meir å gjera med PCn og mindre tid til overs for rettleiing!

Ennå ei konsekvens av dette blir og at det vill bli meir standardiserte reglar for tilskotsordningar som gjeld for heila landet, og mindre plass for individuelle tilpassing.

Landbrukskontoret har for øvrig starta opp arbeid med revidering av SMIL-strategi for Forsand kommune. Revidert forslag vill bli lagt ut til høyring før nyttår.

LOVENDRINGAR

Frå juli 2012 gjeld ny forskrift om planting av utanlandske treslag. Det er nå krav om søknad minst 2 månad før planting. Ta kontakt med skogbrukssjefen.

Nyhende: Det er gjort funn av framand ”grønor” (*Alnus viridis*) i Botne langs Rv 13. Pass på om du finner or av denne typ i dine marker. Den kan lett få uønska spreing!



Det er og forventa at me får tilpassa oss til nye lovendringar i 2013. Dette gjeld f.eks. delingsparagrafen i Jordlova, beløpsgrensa i konsesjonslova, odelslova, naturskadelova og jordskiftelova. Det er og sterk tru til at kravet om 10 års leigeavtale blir senka til 5 år. Konklusjon: God grunn til å fylgja med i utviklinga framover!

GJØDSELFORSKRIFT OG SPREIEAREAL

Me har nå venta lenge på ny gjødselforskrift. Etter ein del vitskapelege avklaringar er det nå sannsynleg at den kjem til å bli offentleg i starten av 2013. Rekna med at den kan bli innskjerping av reglane for gjødselspreing.

Kvar enkelt føretak er til ei kvar tid ansvarleg for at ein har nok spreieareal til den husdyrgjødsla ein disponerer. Kommunen foretar kontroll på dette. Det kan vere i form av at du sjølv ber om ein oversikt over korleis du ligg an, eller kommunen kontrollerer dette i samband med 5 % stikkprøvekontroll til søknad om produksjonstilskot. 5 % kontrollen er obligatorisk i høve ordninga, begge søknadsomgangane, og kommunen kontrollerer bla spreieareal ved slik kontroll. Det er og viktig at de har spreieavtalar på plass, alternativet er kvittering frå leverandør og mottakar i etterkant dersom det er levert gjødsel ein stad der ein ikkje har ein planlagt avtale.

For å ha god orden på spreieareal i kommunen har landbrukskontoret nå byrja på registrering av spreieareal i kart. Mykje spreieareal vart godkjent i første halvdel av 1990-talet. Etter den tid er her både nydyrka, bygd ut, rydda nytt beite og beite har grodd att. Godkjenningane er difor ikkje alltid à jour, og kommunen må difor ta eit skippertak på oppdatering. Oversikt over godkjent spreieareal skal etter kvart vere tilgjengeleg på Temakart Rogaland.

Ledig spreieareal er stadig etterspurt, har du ledig areal og ønskjer å ta mot husdyrgjødsel kan du ta kontakt med Norsk Landbruksrådgiving som har ei service med formidling av gjødsel.

OBS Tenk på at det og kan vera forbod for spreiiing av kunstgjødsel i utmark med stor biologisk mangfald. Ta kontakt om du vill vite kva som gjeld på dine marker!

GJERDEKLYVARAR

Kommunen har fortsett ein del gjerdeklyvar til gratis utdeling. Tenk etter om du har ei grind som kan bli ståande open etter turgåarar? Ta kontakt for tildeling av ein eller fleire gjerdeklyvarar!

MJØLKEPROSJEKTET I RYFYLKE

Ei gruppa med 19 deltakar (4 frå Forsand) er nå på tur til Trøndelag i 3 dagar. Trenger du fagleg påfyll eller har du behov for konsulenthjelp? Eller vill du ordna ei private studietur? Ta kontakt med landbrukskontoret eller Reidunn Ferstad, Norsk Landbruksrådgiving tlf. 977 55 347. Det er fortsett ein del midlar igjen i prosjektkassa.

NY FRILUFTSLOV UTVIDAR ALLEMANNSRETTE

Med den nye friluftsløva blir det i år lettare å ferdast i skog og mark enn før. Den nye lova tok til å gjelde frå 1. januar.

Blant endringane er at skogplantefelt heretter er definert som utmark og ikkje innmark. Dermed blir det lov å plukke bær der det før ikkje var lov å ferdast, fortel seksjonssjef Roar Skuterud i Direktoratet for naturforvaltning. No kan vi slå oss ned og gå på ski eller til fots i desse områda heile året. Ein viktig årsak til denne endringa er at plantefelta ofte er gode bærplassar. Her trivst både blåbær og tytebær, seier Skuterud.

Med den nye lova blir det med visse avgrensingar og lov å sykle og ri på vegar og stiar i innmark når dei leier ut i utmark. Det skal vere mogleg å komme seg ut i friluftsområde og der innmarka ligg som ein buffer mellom offentlege vegar og naturområde. Retten gjeld likevel ikkje organiserte tiltak som sykkelløp og liknande arrangement, og grunneigarane kan også nekte ferdsel når det kan føre til nemneverdig skade.

Reglane for telting nær hus og hytter blir og mjuka opp. No er det høve til å setje opp telt nærare enn 150 meter frå hus eller hytter der det bur folk, når tilhøva elles gjer det vanskeleg å slå leir lenger vekk.

Haustingsretten er tatt uendra inn i den nye friluftsløva. Retten til å plukke molter i dei tre nordlegaste fylka er dessutan presisert nærare i lova.

VIKTIG MØTE FOR JEGERAR OG GRUNNEIGAR

Torsdag den 29.november er du velkommen til møte om nye reglar for viltforvaltning. Dette medfører nyordningar som kan få stor betydning for deg som grunneigar eller for deg som deltakar i eit jaktvald. Still opp!

Tid: 29.11.2012 kl 19-21

Plass: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Mat: Kaffi/té og påsmurte rundstykker Velkommen!

OBS Landbrukskontoret ønskjar påmelding til dette møte!

FORBOD MOT REVESAKS

16.05.2012 vart endringar i ”forskrift om utøving av jakt, felling og fangst” gjort gjeldande. Ein av endringane DN har kome med, er at slagfeller/revesakser ikkje lenger er lov å bruke til fangst av rev.

FORLENGA JAKTTID

Direktoratet for naturforvaltning, DN, kom i vår med ei ny forskrift om jakt- og fangsttider. Her er hjortejakta utvida til 01.september - 23.desember. Dette er gjort for å auka avskytingsprosenten på ein sterkt aukande hjortestamme. Forsand kommune har ein avskyting heilt nede i 30 %, og vil mest sannsynleg auke denne med lengre jakttid. Då jakta startar ennå tidlegare enn før er det viktig å minna om at å skyte ei kolle frå kalv kan være eit brot på dyrevelferdslova sitt forbod mot å sette dyr i hjelpelaus tilstand.

Gløym ikkje å senda inn fellingsrapport! Straffavgift om dykk missar dette er 500 kr!

AKTIVITETSKALENDER

31.10 **Søknadsfrist avlingsvikt**

01.11 **Søknadsfrist beitelag**

01.11 **Søknadsfrist rovviltskader**

27.10 Stormøte for sauebønder i Stavanger kl 10-15

30.10 ”Ny som bonde” – 2 dagars kurs på Særheim

06.11 ” ” ” ” ” ”

13.11 ”Å snakke saman” – samling for bygdekvinne på Tines ostlager, Klepp

15.11 Inn-på-tunet-konferanse

17.11 Slaktekurs med Forsand sau og geit (påmelding til Roar Larsen)

20.11 Storfegruppa på Vaulali kl 19.30

22.11 Bondekafé i kommunehuset kl 19.30

29.11 Jegermøte kl 19.00

13.12 Julamiddag med bondelaga og landbrukskontor kl 19.30 i kommunehuset

OBS Til kurs, seminar eller studietur er det normalt påmeldingsfrist og deltakaravgift. Ta kontakt med landbrukskontoret om du ønskjar meir info!

FERIEAVVIKLING

Landbrukskontoret er stengt for ferie den 29.10 – 02.11.2012. I viktige saker tar du kontakt på telefon eller sender SMS-melding på tlf. 47 46 54 78.

Helsing frå

Børje Svensson, leiar landbruk og miljø,

E-post: bsv@forsand.kommune.no

Tlf: 51 70 01 40 / 47 46 54 78

